



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/725-7

Sakshandsamar: Jan Olav Hemsing

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst, kultur og idretts utval Kommunestyre		

Søknad om midlar til Eidsborg grendehus

Saksframlegg godkjent .

Vedlegg

- 1 Budsjetttall EUL 2023-24.xlsx
- 2 Søknad Eidsborg ungdomslag

Bakgrunn for saka

Eidsborg ungdomslag søker om 96 000 kr til vedlikehald og oppgradering av Eidsborg grendehus. Midlane skal brukast til å bytte ut defekt og utdatert utstyr samt kjøpe inn naudsynt utstyr til kjøkkenet.

Saksutgreiing

Eidsborg grendehus er eit av tre privateigde grendehus som får eit årleg tilskot av Tokke kommune. Eidsborg og Mo grendehus får årleg 54 400 kr i tilskot, Austheii grendehus 31 000 kr. Eidsborg ungdomslag har tidlegare søkt om ei auke i den årlege støtta – saka skal behandlast i kommunestyret. Tidlegare har Tokke løyva ekstra midlar til både kommunale og private grendehus (figur 1). Søknadssummen til oppgradering av Eidsborg grendehus er moderat i forhold til løyvingane ein har gjort til andre grendehus dei siste åra.

Ekstraløyvingar	2023/2024
-----------------	-----------

Private	
Austheii	100 000
Eidsborg	
Mo	1 200 000
Kommunale	
Lårdal	1 800 000
Åmdals Verk	700 000
Skafså	700 000
Byrte	1 600 000

Styret ved grendehuset har søkt om midlar til utstyr som kan gjere grendehuset rimelegare å drifte og meir attraktivt for utleige. Ungdomslaget gjennomførte i haust ein dugnad med vask og måling av heile bygget utvendig slik bygget er attraktivt utanpå, saman med badeplassen ungdomslaget held ved like framstår plassen som ein flott stad å halde tilstellingar for lokale og leigarar.

Konklusjon

Søknadssummen Eidsborg ungdomslag søker om til oppgradering og vedlikehald til grendehuset i Eidsborg er moderat mot tilsvarande utbetalingar til andre grendehus dei siste åra. Ein kan diverre ikkje tilrå å støtte grendehuset med midlane dei ber om grunna kommunens økonomiske situasjon

Kommunedirektørens tilråding

Tokke kommune gjev ikkje støtte til vedlikehald og utstyr til Eidsborg grendehus.